

Nordisk Møte på Ås 14. – 19. april 2008



Jordskifterlaget UMB



Forord

Jordskifterlaget UMB har i vår vore vertskap for Nordisk Møte. Her samlest studentar frå Norge, Sverige, Danmark og Finland til ei veke med sosialt samvær, bedriftsbesøk, foredrag og tradisjonelle landskamper. Denne rapporten gir ein oversikt over aktivitetar under NM i år, referat frå generalforsamlinga og regnskap.

Den største utfordringa eg har hatt som internasjonalt ansvarleg har vore å skaffe nok deltakarar. Mange studentar har obligatoriske undervisningstimar og innleveringar som gjer det problematisk å ta seg fri for å reise på møtet. Det er også ein faktor at studieåret er inndelt forskjellig i dei fire landa. Under årets generalforsamling vart det diskutert kva me saman kan gjera for å få med flest mulig med på NM i åra framover.

Eg vil takke alle som har bidratt fagleg og økonomisk og alle som hjalp til med transport og praktisk gjennomføring.

Hilde Vandaskog , internasjonalt ansvarleg

Takk til alle som har bidratt:

Vegdirektoratet

Terratec AS

GeoForum

Norges Jordskiftekandidatforening

Geodata AS

Akershus og Oslo Jordskifterett

Institutt for landskapsplanlegging ved Håvard Steinsholt

Institutt for matematiske realfag og teknologi ved Inge Revhaug

Dagbok

Mandag 14.04

Dei første deltakarane kom til til Tine-hytta i 6-tida, der det venta ein god kveldsmat. Vidare vart kvelden brukt til å bli kjent.



På bildene: Karin, Madelene, Håvard, John, Johanna og Andreas.

Tysdag 15.04

Tysdagen var deltakarane i Oslo. Først gjekk turen til Bjørvika og det nye Operahuset. Katrine Rønning og Håvard Høie fortalte om byfornyingen i området, trafikkomlegginga og senketunnelen som er under bygging. Etter Bjørvika var det ein liten runde med sightseeing i Oslo.



Kvelden skulle me etter planen vera ute, men på grunn av haggel-byger og vind utsette me utendørsaktivitetane til neste dag. Det viste seg at det sure været var kortvarig – frå onsdag og ut veka fekk me strålende solskinn.

Dei norske deltakarane sto for middag og rebusløp med Sverige, representert av John og Johanna, som vinnarar.

Onsdag 16.04

Me starta dagen på datasalen på TF fløy 3 der Inge Revhaug fortalte om UMB sine prosjekt og utfordringar på geomatikk-linja. Vidare gjekk me ned og såg den gamle delen av campus og åt lunsj på Økonomi-kantina.



Etter lunsj møtte med førsteamanuensis Håvard Steinsholt på Urbygningen. Han fortalte mellom anna om oppbygginga av dei 3 studieretningane jordskifte og eigedomsfag, arealplanlegging og geomatikk ved UMB og om våre arbeidsområde i Norge.



Etter Urbygningen drog me på ein runde på nedre del av campus og til studentboligane på Pentagon, der foreningen Hunkatten arrangerte sin tradisjonelle akekonkurranse.

Onsdagskvelden var det grilling ute i strålande solskinn før me drog ut på Studentsamfunnet i Ås.



Torsdag 17.04

Torsdag besøkte deltakarane Akershus og Oslo Jordskifterett på Lillestrøm.

Jordskifterettsleiar Harald S. Haraldstad fortalte om jordskifterettane i Norge og deira organisering, annsette og historie. Jordskiftedommar Ove Flø fortalte om skildaner i handtering av eigedomstvistar i Norge, Sverige og Danmark.

Etter lunsj fortalte konst. jordskiftedommar Tore Kraggerud om tiltaksjordskifte og viste kart frå eit jordskifte Akershus og Oslo jordskifterett har gjennomført. Overingeniør Sigmund Skard, Harald S. Haraldstad og Ove Flø hadde ein gjennomgang av sakstypene bruksordning og fellestiltak, grensegang og grensegang i sjø.



Venstre.: Jordskiftedommar Ove Flø og jordskifterettsleiar Harald S. Haraldstad. Midten: Johanna, Karin og Patrik. Høgre: Tore Kraggerud.

Torsdag kveld var det nordisk middag på Tine-hytta der alle var med på matlaginga. Etter middag vart Generalforsamlinga halden og til slutt vart det landskampar. Sverige vann "irsk julafoten", medan Danmark stakk av med sigeren i "Miss Foster".



Fredag 18.04

Den siste dagen var me på Campus UMB. Her hadde Tore Jensen frå Oslo-bedrifta Geodata AS foredrag for oss. Han viste oss ulike GIS-løysingar og korleis desse kan bli brukt i praksis i ulike samanhengar. Resten av dagen vart brukt til å vaske hytta, spele "kubb" på Storeplenen foran Urbygnigen og middag på Studentsamfunnet.

Referat frå Generalforsamling torsdag 17.04.

Alle land med unntak av Finland deltok på møtet.

Ordstyrar: Thomas Martin Stokke (Norge).

Protokollførar: Hilde Vandaskog (Norge).

Saker:

1. Evaluering av NM i Danmark 206.
2. Avklaring av om det skal vera både OFM og NM framover
3. Tidsramme for Nordisk Møte
4. Evaluering av årets møte
5. Nedskrivning av regler og liknande i bok
6. Tiltak for å få deltagarar på NM

1. Det var få deltagarar på møtet i København. Det fungerte godt å bruke lokal transport. Det var eit bra faglig opplegg, men litt for tettpakket program. Det er behov for litt fritid.
Rapporten frå møtet var god.

2. Det er vanskelig å finne tidspunkt for avholdning av både Ordførermøtet og Nordisk Møte. OFM har som hensikt å planlegge og informere om neste NM, dette blir i dag gjort via internett og e-post. Det er også vanskelig å finne tidspunkt for OFM som passer for alle. Dersom ein ikkje arranger OFM blir det bedre økonomi til Nordisk Møte.

Både Norge, Sverige og Danmark meiner det er best å arrangere kun NM framover.

3. Det kan vere praktisk å finne ei tidsramme, for eksempel 3 veker, som NM skal bli arrangert innenfor. Dette viser seg vanskelig fordi dei ulike landa har ulik semesterinndeling og mange obligatoriske undervisningsaktivitetar.

Tider som passer best:

Sverige: September eller begynnelsen av november. Det passer ikkje før påske.

Danmark: Fra slutten av februar til midten av mars. September.

Norge: Helst om våren, midten av februar til midten av april. September og november passer også, men ikkje oktober.

4. Det faglige opplegget var bra, men det kunne vore meir. Det vart litt dødtid onsdag og fredag. Tine-hytta eigna seg svært bra og det vart laga god mat.
Det burde blitt avholdt svømme-konkurranse, men dette var vanskelig å få gjennomført då det ikkje finnes noko eigna vatn på Ås. Invitasjon og informasjon om møtet kom i god tid.

5. Det bør vere ei bok der ein samler regler til dei ulike landskampane (Miss Foster, irsk julafoten, sømmekonkurans, andre?) og andre tradisjonar for NM. Denne boka SKAL bli teke med på kvart møte.
6. Det bør til ei kvar til vere oppdatert informasjon på internett. Her kan ein også legge ut kva tema ein bør ta opp på NM og ønsker om bedrifter ein har lyst å besøke. Dette kan organiserast på følgande måtar:
 - Det blir oppretta ei felles side for alle landa, der ansvaret for sida rullerer.
 - Landet som er vertsland for neste NM legg ut informasjon på sine sider. Det skal vera link til dei andre foreningane sine sider.

Rekneskap

	Inn	Ut
Sponsormidler frå 2008	16 500	
Sponsormidler frå 2007	7000	
Deltakaravgift	2800	
Tog til og frå Oslo 15.04		1052
Transport til og frå Samfunnet		1160
Transport tur/retur Lillestrøm		3752
Kjøregodtgjering		660
Mat		7716
Aktivitetar		995
Administrasjon/porto		754
Telefongodtgjering		200
Trykking av rapportar		1000
Gåver til foredragshaldarar		630
Tine-hytta		4000
Sum	26300	21919
Balanse:		4381

Deltakrar

Fra Sverige:

Karin Högberg lm06kh4@student.lth.se

Johanna Nyström

Patrik Anderson

Madelene Gustavson

John Erikson

Fra Danmark:

Christian Øster Pedersen cope05@land.aau.dk

Andreas Kirkby andreas@kirkby.dk

Fra Norge:

Hilde Vandaskog (EIE) hildev@student.umb.no

Astrid Helene Hystad (GEO) astrid.hystad@student.umb.no

Mari Svamen (GEO)

Arild Sundt (ARE)

Simen Staff (ARE)

Terje BJORHEIM (EIE)

Håvard Høie (EIE)

Katrine Rønning (EIE)

Thomas Martin Stokke (ARE)